

Viss deponeringa ikkje tilfredsstillar dei ønska krava til ordningsgrad skal avvik noterast her, inkludert forslag til tiltak.

Viss innhald, mengde og merking i deponeringa ikkje samsvarar med mottatt avleveringsliste, skal avvik noterast her.

FYSISK TILSTANDSVURDERING

Arbeidsmiljøloven seier at arbeidsgivar skal sikre eit arbeidsmiljø som gir full sikkerheit mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Dersom vi får skadelege insekt eller muggsopp/sporar inn i våre magasin, kan desse gjere skade på arkivmateriale og dei tilsette.

Av omsyn til dei tilsette si helse og for å sikre ei god bevaring av arkiva, ber vi avleverande institusjon om å svare på nokre spørsmål om tilstanden til arkiva. Svara dine vil gi oss verdifull informasjon om kva prosedyre vi skal følge ved mottak av ditt arkiv.

Kommentarar (utfyllande kommentar kan også følge som vedlegg)	
Er støv og smuss fjerna frå dokumenta?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Er materialet fritt for synleg muggskade og mugglukt?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Er det sannsynleg at materialet har vore utsett for vasslekkasje eller har vore oppbevart i lokale med høg luftfukt som t.d. ein kjellar?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Har insektfeller vore utplassert i lokala arkiv er oppbevart i? Kor lenge?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Er det oppdaga skjeggkre eller andre skadedyr i feller lagde ut i lokale arkivet er eller har vore oppbevart i?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Er det oppdaga papir med insektskade, eller levande/døde insekt blant arkiva?	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

EIGENERKLÆRING

Om arkivmaterialet er yngre enn minstekravet (jf. Hjelpheftet kapittel 3.1.2 - 25/10/2 år gammalt), blir det med dette stadfesta at skriftleg grunngiving om lite innsyn i materialet allereie er sendt inn. Kommunen er innforstått med at dersom det skulle vise seg at materialet har meir innsyn enn forventa, kan IKAMR krevje betaling for ekstrakostnadar som følge av dette, eventuelt kan arkivet returnerast til kommunen.

Kommunen er innforstått med at IKAMR kan krevje betaling for eventuelle ekstrakostnadar dersom deponeringa ikkje tilfredsstillir krava til ordningsgrad og utstyr jf. Hjelpheftet kapittel 2.

Dette bekreftar at det ovannevnte arkivmaterialet blir deponert til IKA Møre og Romsdal IKS og at skjemaet er rett fylt ut.

Stad og dato		Underskrift	
--------------	--	-------------	--